



Eivind Svendsen
Leitet 25
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1602 - 16/16778

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
20.06.2016

Tilbakemelding på spørsmål i høve førebels svar og trong for tilleggskommentasjon gbnr 134/431 Hilland

Vi viser til dykkar e-post datert 19.06.16, dagsett 20.06.16.

De stiller følgjande spørsmål med omsyn vårt brev datert

1. Kan erklæring til naboane vera fritt skreva eller er det eit skjema som må fyllast ut?
2. "Tiltaket er plassert med 0 meter til nabogrense mot gbnr 134/438 og 134/473 (veggrunn). Erklæring med samtykke frå nabo på gbnr 134/438 og gbnr 134/478 må dokumenterast." Skal det sist nevnte gbnr vere 134/473? Hvis ikkje: Kven tilhøyrrer 134/478?
3. Kva meir skal målsetjast på fasade- /snittteikning. Kva vedleggsnummer gjeld dette?
4. Ca. i kva størrelsesorden ligg gebyret for handsaming av ein slik sak? Er det same gebyr uansett utfall av saka?

Punkt 1.

Erklæring til nabo kan vere fritt skriven, men de kan nytte vedlagd skjema.

Punkt 2.

Ja det skal vere gbnr. 134/438 og gbnr. 134/473, vi seier oss leie for skrivefeilen. Gbnr. 134/473 er som nemnd veggrunn og er eigd av Storneset AS. De treng naboerklæring frå begge eigedommane, og kan nytt skjema nemnd under punkt 1.

Punkt 3.

Gjeld vedlegg nummerert som nr. 5 og 6, fasadeteikning og snitt teikning. Vedlegg nr. 6 (fasade- og snitt-teikning) er ikkje påført høgder på skjæring mellom tilbygg og eksisterande vegg, heller ikkje påført høgde på gesims mot nabo på eigedom gbnr. 134/438.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Punkt. 4.

Gebyr vert fakturert uavhengig av utfall i saka. Storleik på denne type tiltak er kr. 6.700,-. I tillegg kjem gebyr for handsaming av søknad om dispensasjon frå grad av utnytting på kr. 9.200,-. Samla gebyr vert om lag kr. 15.900,- vi tek atterhald om endringar når saka er handsama.

Med helsing

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Eivind Svendsen

Leitet 25

5911

ALVERSUND